



SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE

# ÅRSMELDING skuleåret 2017/2018

## Elev- og lærlingombodet



## **INNHOLD**

---

FØREORD	3
INNLEIING	3
ARBEIDSMÅTE	4
INFORMASJON OM NYTT REGELVERK VEDR MOBBING	4
GODE TRIVSELSTILTAK PÅ DEI VIDAREGÅANDE SKULANE	4
ELEVDEMOKRATI - ELEVråDSSKULERING	5
SAMARBEID MED DEI ANDRE ELEV- OG LÆRLINGOMBODA OG MOBBEOMBODA I LANDET	5
INFORMASJON TIL LÆRLINGANE	6
INFORMASJON TIL NYE ELEVAR OG NYE LÆRLINGAR	6
UTFORDRINGAR FRAMOVER	8
DELTAKING PÅ KURS / KONFERANSAR	9
YRKESFAGA SITT ÅR	9
EIT GODT LÆRINGS- OG ARBEIDSMILJØ	9
OPPSUMMERING	10

## FØREORD

Sogn og Fjordane var eitt av dei første fylka i landet som oppretta elev- og lærlingombod. Dette skjedde i 2004.

I 2014 bestemte fylkestinget at elev- og lærlingombodet også skulle vere mobbeombod i vidaregåande opplæring, men likevel behalde den godt innarbeidde tittelen elev- og lærlingombod. Fleire andre fylke har endra tittelen i vgs til elev-lærling- og mobbeombod.

## INNLÆING

Elev- og lærlingombodet legg vekt på å jobbe førebyggjande der målet er å skape gode, mobbefrie læringsmiljø for elevar og lærlingar. Det er viktig å gje informasjon om rettar og plikter og gje råd og hjelp til elevar og lærlingar. Ombodet har teieplikt. Inneverande skuleår har elev- og lærlingombodet motteke totalt 249 problemstillingar, 126 frå elevar og 123 frå lærlingar. Det er første året at det er fleire elevar enn lærlingar som har teke kontakt. Ikkje uventa har det vore auke i spørsmål knyta til ny mobbelov og handtering av denne.



Hafstad vgs.

## ARBEIDSMÅTE

---

For å hindre fråfall er det avgjerande at elevar og lærlingar får hjelp til å løyse dei utfordringane dei møter til ei kvar tid. Tilbakemeldingane tilseier at dei set stor pris på å ha ein uavhengig person å vende seg til som ikkje er ein del av opplæringsssystemet i skule og bedrift.

Ombodet er av den oppfatning at dei ansvarlege i ei sak bør kontaktast umiddelbart. Eleven/lærlingen får difor det rådet frå ombodet at vedkommande sjølv først freistar å ta saka direkte opp med den saka gjeld/næraste overordna, eller ombodet tilbyr å ta den kontakten på vegner av eleven/lærlingen.

Dette er ei arbeidsform som har fungert svært godt i Sogn og Fjordane, og langt dei fleste sakene (98%) let seg løyse innan kort tid og der saka høyrer heime, altså mellom dei involverte partane.

Ombodet jobbar i stor grad EIN-TIL-EIN, avtalar samtalar og oppfølging med den enkelte ungdom.

Det viktige er at den enkelte ungdom får hjelp i tide og ikkje droppar ut av skule eller bedrift. Sakene blir løyste på lågast mogleg nivå, i samarbeid med den ansvarshavande, og på den måten kan ein i beste fall unngå både «dropout» og klagesak.

## INFORMASJON OM NYTT REGELVERK VEDR MOBBING

---

I tillegg til informasjon om nytt lov- og regelverk vedr mobbing - set ombodet i samarbeid med elevrådet i gang ein prosess der elevane sjølv er aktive i arbeidet med å førebyggje mobbing. Her blir det understreka både tidleg haust og seinare på skuleåret kor viktig det er at det blir gitt BESKJED MED EIN GONG til rektor dersom nokon blir mobba. Ombodet legg vekt på å bevisstgjere ungdom på korleis dei kommuniserer med kvarandre både på nett og elles, og kva effekt det kan ha på andre. Frå og med kommande skuleår blir det innført eit meldesystem - ein såkalla mobbeknapp - på heimesidene til dei vidaregåande skulane. Dette vil truleg føre til lågare terskel for å melde frå om både nettmobbing og anna form for mobbing.

## GODE TRIVSELSTILTAK PÅ DEI VIDAREGÅANDE SKULANE

---

På skulebesøka no i vår har ombodet spurta alle elevråda om kva trivselstiltak dei har sett mest pris på gjennom skuleåret. Her følgjer ei oversikt:

- Inkluderande aktivitetsdag på starten av skuleåret.
- Fjelltur.
- Volleyball. Biljard. Bordtennis. Fotballturnering.
- Open skule med matservering og ulike aktivitetar.
- Leksehjelp.
- Hybelmiddag.
- Jule- og nyttårsball.
- Skidag.
- Gode og sunne mattilbod i kantina.
- Elevvenn. Mentor.
- Idrettsdag.
- Valfag på tvers.
- Verdas aktivitetsdag.
- Folkehelsegruppe.
- Aktivitetar i friminutt og utanfor skulen der alle er med.

- Klassetur.
- Internasjonal dag.
- Operasjon dagsverk.
- Natursti.
- Grilling/kano til utlån.
- Gitarkurs i samarbeid med kulturskulen.
- «KAKAO-morgen» Verdas dag for psykisk helse.
- Lage mat i fellesskap og med oppskrifter frå heile verda.
- Bowling.
- Foredrag om aktuelle tema vedr psykisk helse.
- Foredrag for heile skulen om miljø og trivsel.



Trivselstiltak ved Måløy vgs.

#### ELEVDEMOKRATI - ELEVRÅDSSKULERING

«Det er gjennom engasjement, pågangsmot og aktiv deltaging at ein oppnår resultat». Dette formidlar ombodet i møte med ungdommane. Alle dei vidaregåande skulane får tilbod om elevrådsskulering og annan relevant informasjon gjennom skuleåret. Elev- og lærlingombodet kontaktar samlege skular og avtalar opplegg og dato i samarbeid med Elevorganisasjonen (EO). På den måten samordnar ombodet og EO skulebesøka til beste for alle partar. I tillegg er ombodet tilgjengeleg på skulane enkelte dagar gjennom heile skuleåret. Ikkje sjeldan får ombodet også invitasjonar frå skulane om deltaking på ulike arrangement som til dømes temadagar og andre arrangement. Mange elevar kontaktar ombodet for samtalar nettopp i slike samanhengar.



Samarbeid med Elevorganisasjonen

#### SAMARBEID MED DEI ANDRE ELEV- OG LÆRLINGOMBODA OG MOBBEOMBODA I LANDET

Elev- og lærlingombodet samarbeider med dei andre elev- og lærlingomboda/mobbeomboda i landet. Vi har eiga felles intern nettside der vi samhandlar med kvarandre dagleg. Omboda samlast fleire gonger i året for kompetanseheving/kurs og fagleg oppdatering, i tillegg til jamleg kontakt for å diskutere felles problemstillinger og ha erfaringsutveksling. Saman har vi også utarbeida ei «Elevrådshandbok», som frå kommande skuleår også er oversett til nynorsk.



Ombodssamling i Rogaland

## INFORMASJON TIL LÆRLINGANE

Ombodet gir følgjande informasjon til lærlingane i enkelt-samtalar og på lærlingsamlingane:

«Kva er ein halvårssamtale?»

«Kva skal til for at du får ei oppfølging slik at du gjennomfører utdanninga di?»

«Kva er dine rettar og plikter som arbeidstakar?»

«Kva er rolla til instruktøren/opplæringskontoret/lærebedrifta/fylkeskommunen?»

«Korleis blir ein fag-/sveineprøve gjennomført?»

«Viss du blir mobba eller slit psykisk, korleis får du hjelp?»

Elev- og lærlingombodet formidlar ovannemnde både på skulebesøk til yrkesfag og under oppfølgingssamtalar i læretida.

Eit anna viktig informasjonspunkt er å formidle at ein lærling har same rett til same tilgang på pedagogisk-psykologisk teneoste som elevar i vgs. Dette følgjer av opplæringslova § 4-2, fjerde ledd.



Dale vgs

## INFORMASJON TIL NYE ELEVAR OG NYE LÆRLINGAR

Elev- og lærlingombodet i Sogn og Fjordane har eiga face-bookside med over 2300 følgjarar, og har fått mange positive tilbakemedlingar på den. Ombodet har planar om å vere endå meir aktiv på ulike sosiale medium for å nå ut til endå fleire. I tillegg ønskjer ombodet å fornye ombodslenkja på heimesidene til skulane. Eiga informasjonsside om ombodsordninga hos dei ulike opplæringskontora er også ønskjeleg. På den måten kan alle elevar og alle lærlingar frå første dag vite at dei har eit elev- og lærlingombod å vende seg til, som også er mobbeombod i vgs.



Elevrådsstyret, Flora vgs

SAKER FRÅ ELEVAR	TAL SAKER
Fråværsregelen	17
Korleis ta opp vanskelege saker med lærar/rektor	13
Spørsmål vedr. lærlingsmiljøet, ink.l ny mobbelov	20
Generelle spørsmål om vurdering i fag	7
Konflikthandtering elev-elev	8
Konflikthandtering elev-lærar	3
Permisjonssøknader, velferdsgrunnar	6
Fråvær av lærar - bruk av vikar	3
Psyksik helse	12

SAKER FRÅ ELEVAR	TAL SAKER
Elevar som vurderte å slutte, men likevel fullførte	5
Spørsmål om inntak og formidling av skulepass	8
Framgangsmåte ved klage på karakter	4
Tilpassa opplæring	9
Spørsmål om lån og stipend	11

SAKER FRÅ LÆRLINGAR	TAL SAKER
Lærlingar som vurderte å slutte, men ønskete motivasjon til å fullføre	5
Arbeidstid og lønn	11
Tilpassa opplæring	8
Mangel på arbeidsavtale	2
Spørsmål om ledig lærepass	7
Spørsmål vedr Arbeidsmiljølova	11
Konflikthandtering lærling-fagansvarleg	7
Uklar arbeidsfordeling på arbeidsplassen	9
Forlenging av læretid	5
Spørsmål om rabattordning kollektivtransport	19
Spørsmål om å bytte lærepass	4
Lærling som må avslutte av helsemessige grunnar	1
Manglande tilbakemelding på utført arbeid	4
Spørsmål om bruk av overtid	5
Spørsmål om heving av kontrakt	3
Spørsmål vedr oppmelding til fagprøve	6
Fagleg leiar/instruktør lite tilgjengeleg	4
Spørsmål om korleis ta saker opp med overordna	12

## UTFORDRINGAR FRAMOVER

1. Rabatt på kollektivtransport også for lærlingar. Lærlingar er under vidaregåande opplæring og føler det urettvist at dei ikkje får reduksjon på kollektivtransport slik som elevane får. Lønna til lærlingar er som kjent ikkje høg. Rabattordning på kollektivtransport er ei problemstilling som mange lærlingar og foreldre er opptekne av, og som går igjen år etter år. Ombodet har fått 19 henvendelsar om dette inneverande skuleår, mot 13 i fjar.
2. Det bør bli meir informasjon om alternative/fleksible løp innan yrkesfag.
3. Få til meir samhandling og koordinering mellom ulike aktørar i yrkesfagopplæringa.
4. 1+ 3 modellen med meir tilpassing.
5. Meir informasjon på ungdomsskulenivå om ulike utdanningsval.
6. Meir utplassering for å få betre kjennskap til dei ulike bransjene.
7. Meir informasjon til potensielle lærebodrifter om fordelane ved å vere lærebodrift, info om tilskotsordningar og fordelar ved rekruttering av ung arbeidskraft. Meir info om alterntive løp, også til dei.
8. Rekruttering til kokkeyrkjet (gjeld heile landet). Det har over fleire år vore därleg søknad til restaurant- og matfag. Dette trass i at det er god tilgang på læreplassar og stort behov for faglært arbeidskraft.
9. Ønskje om fleire søkerar til kjemiprosessfaget. Dette er eit viktig fag for industrien i Årdal, Høyanger og Svelgen. Dette tilbodet er fylkesdekkande og har god tilgang på læreplassar.
10. Betre kjønnsbalanse i utdanningsvala. Gutane søker i stor grad elektro, TIP og bygg- og anleggsteknikk. Jentene søker helse- og oppvekstfag samt design og handverk. All erfaring viser at arbeidsmiljøet og produktiviteten i næringslivet og kommunane blir betre om kjønnsbalansen på arbeidsplassane er betre. For å få ein betre kjønnsbalanse i utdanningsvala er informasjon og haldningsskapande arbeid viktige stikkord.
11. Opplæringsavdelinga i samarbeid med opplæringskontora bør oppfordre næringslivet, bransjeforeiningane og kommunane til å engasjere seg sterkare for å vise kva moglegheit som finst i dei ulike næringane og bransjane.



To kokkar frå Sogndal vgs



Mo og Øyrane vgs

## DELTAKING PÅ KURS / KONFERANSAR

Kurs i regi av Læringsmiljøsenteret, Stavanger  
«Smerta ein ikkje ser» - konferanse om ung psykisk helse,  
Førde  
Lucy Smith's barnerettighetsdag, UiO  
Møte i regi av Utdanningsdirektoratet og Helsedirektoratet,  
Oslo  
Partnerskap mot mobbing/  
Fagseminar om mobbing, Oslo  
Fagleg forum UDIR, Oslo  
Yrkessetter i Sogn og Fjordane  
Fylkesmeisterskap for ungdomsbedrifter  
Elevforsamling, Elevorganisasjonen  
Elevtinget, EO sitt landsmøte  
Årsmøte, Elevorganisasjonen Sogn og Fj.  
Fylkesting for ungdom, Skei  
Ombodssamlingar i Oslo, Kristiansand og Stavanger  
Fagopplæringsnemnda og Hovudutval for opplæring  
Fagbrevutdeling



Konferanse i Utdanningsdirektoratet.



Elevrådsskulering Sogndal vgs

## YRKESFAGA SITT ÅR

Det er yrkesfaga sitt år i 2018 Samfunnet og kommunane treng personar med fagkompetanse. Det er difor svært gledeleg at så mange som 812 fagarbeidrarar i Sogn og Fjordane fekk fag-, sveine- kompetanse- eller meisterbrevet sitt utdelt inneverande år.

## EIT GODT LÆRINGS- OG ARBEIDSMILJØ

Alle elevar og lærlingar skal ha eit godt læringsmiljø og arbeidsmiljø. Det er eit faktum at fysiske og psykiske faktorar påverkar måten ein lærer, lever og samhandlar på. Skulen og lærebedrifta er avhengig av eit godt fysisk og psykisk lærings- og arbeidsmiljø for å kunne fylle sin funksjon både som utdanningsinstitusjon og som danningsinstitusjon.

Eit godt læringsmiljø inneber at det er rom for den enkelte i opplæringa, og at eleven og lærlingen sine evner, ønskje og behov blir møtt med utfordringar som utviklar og motiverer. Eit godt psykososialt arbeidsmiljø inneber at elevar og lærlingar opplever trivsel og fellesskap med andre. Det må vere rom for ungdom med ulik personlegdom, etnisk tilhøyrslle, sosial bakgrunn og ulike interesser og behov.



Elevrådsrepresentantar, Eid vgs

## OPPSUMMERING

Det er ikke tvil om at det blir gjort mykje godt helsefremjande arbeid rundt om på skulane og lærebedriften. Det er heller ikke tvil om at dagens unge er utsette for betydeleg press på mange kantar. Nokre stikkord er utsjånad, mediepåverknad, perfekt kropp, skuleresultat, vere aktiv på mange arenaer og vere tilgjengeleg på nett store deler av døgnet.

Dette påverkar den psykiske helsa, og mange ungdomar har utfordringar på dette området. Elev- og lærlingombodet blir ofte kontakta om slike problemstillingar, fordi ungdommen rett og slett treng å snakke med nokon som har teieplikt og som dei ikkje møter ansikt til ansikt kvar dag. I slike samanhengar er det viktig at nokon SER den enkelte, gir ros og oppmunstrar. Ombodet si erfaring er at det ofte er oppmuntring og sakleg informasjon som skal til for å hjelpe i slike situasjonar. Det er også viktig at den enkelte ungdom blir gjort klar over at kvar enkelt er like mykje verd uansett utsjånad og prestasjon. Elev- og lærlingombodet vil halde fram med å setje av tid til «Den gode samtalén» i møte med både elevar og lærlingar.



Årdal vgs

Ombodet nyttar høvet til å takke kvar og ein for godt samarbeid skuleåret 2017/2018!

Venke Nordeide  
Elev- og lærlingombod i Sogn og Fjordane



**SOGN OG FJORDANE  
FYLKESKOMMUNE**

Fylkesrådmannen  
Fylkeshuset  
Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 63 80 00  
E-post: [post@sfj.no](mailto:post@sfj.no)  
[www.sfj.no](http://www.sfj.no)